



KYSTVERKET
HOVEDKONTORET

I forslaget til Nasjonal transportplan for åra 2010-2019 viser transportetatane kva utfordringar vi står overfor og foreslår tiltak som bør iverksetjast for å oppfylle måla for transportpolitikken.

PRESSEMELDING:

MEIR EFFEKTIVE HAMNER

Kystverket vil tilretteleggje for eit stamnett på sjøen og meir effektive hamner som kan gjere det meir attraktivt for vareeigarar og reiarlag å frakte større mengder gods og passasjerar sjøvegen langs kysten og ut og inn av Norge. Det er foreslått 20 hamner i eit nasjonalt stamnett, og av desse blir hamneterminalane i Oslo, Kristiansand, Stavanger og Bergen peikt på som dei viktigaste for norsk handel med utlandet. Kystverket saman med dei andre transportetatane vil leggje vekt på at det blir gode samband i det nasjonale stamnettet mellom land og sjø.

Kystverket tilrår auke i statleg økonomisk engasjement i dei viktigaste terminalhamnene.

Kystverket vil satse på vedlikehald og fornying av fyr- og merkesystema langs norskekysten. Hurtigbåtnettet er lengre enn jernbanenettet, og hurtigbåtane er blitt stadig viktigare for distrikta. Kystverket vil tilretteleggje for eigne hurtigbåtleiер og spesielle navigasjonsinstallasjonar for å auke tryggleiken til denne passasjertrafikken.

Kystverket ønskjer eit framleis høgt nivå på bygging og utbetring av fiskerihamner.

Kystverket ser eit klart behov for fornying av eksisterande trafikksentralar.

Kystverket vil betre skipsleia, særleg i tronge farvatn, med å auke breidd og djupn. Redusert fare for grunnstøytingar vil også redusere faren for tap av liv og miljøskadar.

Utvinning av olje og gass i nordområda stiller krav til tryggleik og oljevernberedskap. Kystverket vil vere med og utvikle ein oljevernberedskap tilpassa akseptert risiko. Kystverket vil leggje vekt på slepebåtberedskap.

Kontaktpersonar:

Kystdirektør Kirsti Slotsvik. Tlf. 07847 / mobil 489 98340
Sjefingeniør Roar Johansen. Mobil 951 90784

Med helsing

HOVEDKONTORET – KOMMUNIKASJONS- OG INFORMASJONSAVDELINGEN

Sentral postadresse: Kystverket, Serviceboks 2,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

Besøksadr.: Kongens gt. 11, ÅLESUND

Telefon: 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08

Bankgiro: 7694 05 08831
Org.Nr.: NO 970 237 372

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson